



Lars Henrik Skogtun overtek att som leiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Svein Rimestad har takka av etter to år som leiar av Røysterett for alle og Lars Henrik Skogtun har teke over leiinga att. Ellers er det inga endring i styret og der sit Steinar Naterstad, Anne Bogegård, Brit Hjetland og Venke Vetrhus.**

Varamedlemer er Arnhild Myklebust og Liv Sæbø Eik. I økonominemda sit Gunvor Myklebust, Kåre Vetrhus, Ester Mørstad, Kjell Sigbjørn Røssland og Brit Hallaråker og repertoirmemda består av Jan Ove Olsen, Oscar Langballe, Oddbjørg Bjørke og Sylvi Hjelmeland. Maria Malmsten held fram som dirigent.

Etter det travle jubileumsåret 2008 skulle 2009 bli eit sabbatsår for koret, men året vart likevel svært travelt, går det fram av årsmeldinga. Det skuldast ikkje minst gjensitt frå Latvia av det framifrå koret Atskana som gjorde stor lukke og uttrykte stor takksemnd for eit vellukka opphald. - Planleggjingsprosessen kunne virka noko kaotisk til tider, men resultatet vart framifrå, heiter det i årsmeldinga. Til sjuande og sist gjekk også økonomien med balanse.

Ellers har koret vore på årsfest i Herøysund, Syng med oss i Helgheim, 17.maifeiring, songarstemne i Haugesund, bryllaupsfeiring, verdsdag for psykisk helse, folkemusikkveld i Herøysund, Syng med oss på Husnestunet, opning av nye lokal for Vaksenopplæringa på Husnes og julekonsert i kyrkja i Uskedalen. Det første som står på repertoiret i det nye året er framføring av Mariamusikken i to kyrkjer.

Av Ola Matti Mathisen



Atskana og Røysterett for alle saman i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)